

AKTUELT

Tilskot til barberaren frå Kviteseid

■ **SELJORD:** Formannskapet gav tommel opp til etableringstilskot på 25 000 kroner til Samuel Adams.

Barberaren frå Kviteseid ynskjer å starte herrefrisør og barberverksemd med salong i Seljord.

Han søkte om 40 000 kroner, og meiner – Samuel Adam meiner at det ut ifrå Sel-

jord er ein stor nok marknad for ein herrefrisør og barbersalng som kan gje han ein eigen lønsam arbeidsplass. Han har fått leige lokale i Brøløsvegen 64 og er klar til å etablere salongen 1. mars, om han klarer å få etablert nok kapital, står det i saksutgreiinga.

– Rådmannen vurderer dette tiltaket for

å vere godt innanfor næringsfondet sitt føremål, skriv han.

Næringsfond/kraftfond for 2019 er på om lag 200.000 kroner som ikkje er disponert før møtet.



Blei imponert av Aspit

Erlend Larsen (H) frå helse- og omsorgskomiteen på Stortinget vart imponert då han fekk høyre kva Aspit har fått til, og kva dei arbeider med.

■ SELJORD

I samband med Seljord Høgre sitt medlems- og årsmøte hadde lokallaget invitert stortingsrepresentant Erlend Larsen (H) frå Vestfold til å snakke om helsepolitikk.

Men før medlemsmøtet tok til inviterte lokale politikarar Larsen med til ei av IT-verksemdene i kommunen. Larsen er medlem av helse- og omsorgskomiteen på Stortinget, og vart difor raskt interessert i å høyre meir om arbeidsoppgåvene til Aspit – ei IT-verksemd som satsar på å spesialisere seg på å utvikle, forvalte og drifte system og programvare knytt til helsesektoren.

Dag Helge Haslekås, dagleg leiar i Aspit, ynskje gjestene velkomne inn i lokala i andre-høgda av Seljord næringsbygg.

Stortingsrepresentanten la raskt merke til veggpryden med utmerkingane for at Seljord-verksemda har vore Gasellebedrift heile fem gonger. For å få denne utmerkinga er eitt av krava mellom anna å minst double omsetnad i verksemda over fire år.

– Me fekk Gaselleutmerkinga kvart år frå 2009 til 2013, og har mellom anna auka talet på tilsette frå 21 i 2015 til 45 i 2018, seier Haslekås, og legg til at



BESØKTE ASPIT: Stortingsrepresentant Erlend Larsen (H) og Seljord Høgres ordførarkandidat Per Dehli besøkte Aspit og dagleg leiar Dag Helge Haslekås, Aasmund Rinde og Margit Elise Karlsen, saman med Gunnar Eilefstjønn og Edvard Mæland frå Seljord Høgre.

FOTO: TONE TVEIT

driftsresultatet til Aspit i 2017 var på 14,9 millionar kroner.

Spennande møte

Aspit vart etablert i 2001, og har i dag 30 tilsette knytt til kontoret i Seljord, i tillegg til at verksemda set delar av produksjonen til underleverandørar og utviklarar på Sri Lanka.

– Dette gjer me sidan me ikkje finn nok av denne kompetansen i Noreg. Dei tilsette på Sri Lanka arbeider med program-

mering og utvikling av våre verktøy, me er mykje til dei, og dei kjem også hit til oss i Noreg. Med omsyn til rekruttering til kontoret i Seljord er verksemda så godt etablert i dag at me blir kontakta og får jobbsøknadar uoppfordra, seier Haslekås.

Skal snart lansere

I 2018 fekk verksemda konsesjon på å etablere ei medisinsk digitalisert bildedatabase for helsesektoren.

Slik det er i dag blir bilde ofte på utstyret ved den helseeininga pasienten besøker, eller ein får med ei utskrift. Det finst i dag ikkje eit system for at dette blir overført og tilgjengeleg mellom ulike helseeiningar.

– Me er straks klare for å lansere dette nye systemet, seier Haslekås som fortel at Aspit heile vegen har hatt økonomi til å satse breitt på utvikling for å få ein posisjon i Noreg og utlandet. Stortingsrepresentan-

ten fekk også høyre om nokre av journalsystema verksemda har utvikla og kva dei ser føre seg å få til i tida som kjem.

– Eg er verkeleg imponert, her prøvar dei å finne løysingar for problem som kan kome i framtida, det viser at de tenker langsiktig, uttala Larsen.

■ Tone Tveit

tone.tveit@vtb.no

Tek miljøet på alvor

Haukeliser fjellstue har blitt resertifisert som «Miljøfyrtårn» av stiftinga med same namn.

■ HAUKELISETER

– Denne nemninga har me vore ein stolt berar av heilt sidan 2005, og me var den første verksemda frå DNT til å oppnå dette, melder Haukeliser fjellstue på nettsidene sine.

– For å behalde tittelen, har

me stadig måtta fornye og forbetre oss. Sertifiseringa dekkjer ulike aspekt av miljøomgrepet, alt frå arbeidsmiljø til søppelhandtering og energiforbruk.

I tillegg til krava frå stiftinga, har dei sett i gang fleire andre miljøtiltak.

– Sidan 2017 har me hatt e-billading frå egne ladestasjonar her på setra. Ei av dei store miljøutfordringane til DNT ligg i utslepp i samband med transport til destinasjonane. Me plar å oppmode gjestane

våre til å reise kollektivt med Haukeliekspressen eller til å kontakte kvarandre for å avtale samkjøring.

Eit anna, meir kreativt miljøgrep som er teke, er å plassere tønner rundt om på tunet, merka med «Pant for pudder».

– Her kan gjestene levere frå seg flasker og boksar som kan pantast, skriv Haukeliser fjellstue.

■ Line Omland Eilevstjønn

line@vtb.no



Et kollektivtilbud til alle i Telemark!

Bestill transport fra hjemmet til sentrum og hjem igjen for kun kr 35 per vei!

Mer informasjon og hvordan du bestiller tur på flexiruter.no.



Flexiruter er dør-til-dør-transport og tilbys i alle kommunene i fylket.

TELEMARK fylkeskommune farte.no